

## Møtereferat

Dato: 20.10.2016

Emne:	<b>Referat frå RMNF-AU, 19.10.2017</b>		
Til stades:	Kjell Håland, leiar Kjell Søvik, nestleiar		
Forfall:	Ingen	Sak: 2014/558-216	
Møtetid:	08:30-10:10	Møtestad: Fylkesutvalssalen, fylkeshuset	

**Møteleiar: Kjell Håland, leiar****Referent: Ingeborg Borgen Takle, rådgjevar**

Sak 29/16      Saksliste og program for møtet 2. november  
Arbeidsutvalet gjekk igjennom orienteringar, referatsaker og politiske saker til møtet 2. november.

Vedtak

Program for 2. november

- 09:00 Orientering om arbeidet med dysleksivenlege skular i HFK
- 09:30 Orientering om regional transportplan
- 10:00 Orientering om Tertnes vidaregåande skule
- 10:30 Orientering om fylkesrådmannen sitt forslag til budsjett 2017
- 11:00 Brannøving
- 11:30 Lunsj
- 12:00 Sakshandsaming:  
Referatsaker:
  - Status for handlingsplan for likestilling, likeverd og inkludering
  - Skyss sin digitale billetteringsløysing
  - Angående epolitikar
  - Oversikt økonomi
  - Større saker til politisk handsaming
  - (Arbeidskøyning i transportordninga: denne saka kjem ikkje opp så fort som det såg ut til på førre møte og det er derfor for tidleg å få ei orientering om saka på neste møte.)

Politiske saker:

- Temadagen 2017
- Tertnes vgs
- Budsjett 2017 – uttale
- Deltaking på konferansar

Sak 30/16      Temadag 2017  
Arbeidsutvalet jobba med tema og program for temadagen.

Vedtak

Arbeidsutvalet vil føreslå at administrasjonen sender ut ein e-post før jul om dato og tema for temadagen slik at dei kommunale råda kan sette av dagen.

Arbeidsutvalet vil presentere eit forslag til program for rådet på neste rådsmøte:

10:00	Opning	Fylkesordførar Anne Gine Hestetun og leiar RMNF Kjell Håland
10:15	Kommunesamanslåing og råda - konsekvensar og tips til samanslåing	Deltasenteret
11:00	Pause	
11:10	Satsing på psykisk helse og konsekvensar av kommunesamanslåing	Fjell kommune
11:40	Lunsj	
12:40	Flyktningar og psykisk helse - ei oversikt	RVTS
13:10	Arbeid med flyktningar og psykisk helse	Bergen kommune
13:40	Pause	
13:50	Erfaring frå ei flyktning med nedsett funksjonsevne	Flyktning
14:10	Korleis jobbar HFK med å integrere ungdom i vgs, med fokus på psykisk helse	Opplæringsavdelinga
14:40	Fargespill	
14:55	Avslutning	Kjell Håland
15:00	Slutt	